

Kompetanseforum Vestland
v/ Vestland fylkeskommune

Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Innspel til handlingsprogram for 2022

Samarbeidsarenaene Hardanger-Voss og Sogn har følgjande innspel til handlingsprogrammet for «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033»:

Delmål 1 Rett kompetanse for framtida

Samarbeidsarenaene meiner at i tillegg til næringslivet sine kompetansebehov burde kommunane sine kompetansebehov vore omtala i planen. Det er ein svakheit ved planen at den ikkje omtalar tiltak for å ta hand om det framtidige underskotet på arbeidskraft til helsefagområdet. Også offentleg sektor må sikrast tilgang på rett kompetanse som følgje av omstilling.

For å få kunnskap om kva som rett kompetanse for framtida treng regionane felles og gode kartleggingssystem og eit oppdatert datagrunnlag.

Nye og fleksible undervisningsmodellar må prøvast ut i eit samarbeid for å løysa framtidens kompetansebehov. Etablering av campus og utdanningshubar fleire stader vil gjera det meir attraktivt å ta utdanning. Ved å organisera utdanningane rundt slike kompetansesentra vil samhandling mellom utdanning og arbeids- og næringsliv bli styrka og vil gjera utdanningstilbodet meir tilgjengeleg for dei som bur i distrikta.

Vidaregåande skular i Sogn samarbeider om digital undervisning innan realfag og det vert arbeidd med å få til eit tilbod innan påbygg frå neste skuleår. Nettbasert undervisning må bli teken i bruk i større grad enn i dag på eit kompetansesenter/campus eller som rein nettundervisning. Kompetanseforum Vestland må i større grad retta fokus mot etablering av små fagcampus i distrikta. Tilrettelegging for vidareutdanning i arbeidstida må prioriterast frå arbeidsgjevarsida og i kombinasjon med økonomiske støtteordningar.

Endringar i samfunn, arbeidsliv, teknologi og næringsstruktur gir nye kompetansebehov. Fleire som allereie er i arbeidslivet vil trenge ny kompetanse gjennom heile livsløpet. Med endra karriereløp vil fleire etterspørje og ha behov for å ta utdanning nærare der dei bur. Tilbod om etter- og vidareutdanning så lokalt som mogleg vil vera avgjerande for at dei som bur i distrikta får den spisskompetansen som arbeids- og næringslivet treng.

Dei som står utanfor arbeidslivet må gjerast relevante for framtidens arbeidsliv. Innvandrarar og ungdommar som har falle ut av vidaregåande opplæring og arbeidslivet må bli inkluderte i utdanning

og arbeidsliv. Fleire ufaglærte må få moglegheit til å ta fagutdanning slik at dei får brukt sine ressursar i arbeidslivet.

Arbeidet med å få fram karrieremoglegheitene i Vestland bør halde fram.

Delmål 2 Sikre tilgang på arbeidskraft

Mangel på rett kompetanse er stor utfordring både i offentleg og privat sektor i Hardanger-Voss og Sogn. For å møte kompetansebehova i arbeids- og næringsliv bør utdanningane bli meir desentrale. Utdanningsinstitusjonane må i mykje større grad enn til no tilby samlings- og nettbasert undervisning. Vi bør sjå til andre regionar som har kome lenger enn oss og som tilbyr nye undervisningsmodellar, jf desentralisert utdanningstilbod på Helgeland. Tilbodet på campus kan rettast mot fagområde som vi har særleg mangel på i distrikta.

Forutsigbarheit i utdanningstilbodet blir viktig for at ungdommane skal velja utdanningsløp der dei bur.

Etablering av fleire desentraliserte etter- og vidareutdanningstilbod og fagskule- og høgskuletilbod vil skape attraktive buregionar og bidra til å gje arbeids- og næringsliv arbeidskraft med rett kompetanse.

Delmål 3 Samarbeid om regional kompetanseutvikling

Tida er moden for å ta i bruk nye modellar for å sikre at fleire i distrikta får ta utdanning slik at vi kan nå målet om rett kompetanse for framtida. Eksisterande samarbeidsstrukturar mellom næringsliv, offentleg sektor og utdanningsinstitusjonane bør forsterkast. Slik kan behov og moglegheiter kome tydelegare fram og leggje grunnlag for å finne konkrete samarbeidsprosjekt og søkje prosjektfinansering. Fylkeskommunen har ei viktig samordningsrolle i dette arbeidet.

1. oktober 2021

Med helsing
for Samarbeidsarena Hardanger-Voss

for Samarbeidsarena Sogn

Jostein Eitrheim

Karina Nerland